



En Til En Arkitekter As  
Vaskerelven 8  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3628 - 22/55439

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
06.07.2022

## Informasjon med omsyn til tiltak - gbnr 188/57 Gjervik Ytre

Viser til vedlagt uttale til søknad om rammeløyve gbnr 188757 Gjervik Ytre. Sak nr. 22/3628.

Administrasjonen har i brev datert den 27.06.2022. innhenta uttale frå Alver kommune Samferdsel veg,- vatn,- avløp- forvaltning, med omsyn til føreståande tiltak på eigendommen. I brev datert 28.06.2022 har dei følgjande merknader til tiltaket.

Dei skriv slik:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om rammeløyve som også omfattar flytting av eksisterande avkjørsle.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er eining i at flytting av avkjørsle vil gje ei tryggare og betre avkjørsle. Av innsendt situasjonsplan ser vi at avkjørsle er tenkt etablert med svingradius  $r = 2$  meter i den retninga kjøretøy har tilkomst til tomt. Her må svingradius endrast til minimum  $r = 4$  meter.

Grunngjeving for dette er at ei personbil har ei spingskurve på  $R_{dim} = 6$  meter. For å komme seg inn på tomt og til garasje må svingradius være minimum  $r = 4$  meter og  $r_{dim} = 6$  meter. For å få til dette kan det være behov for å flytte bustad lenger inn på tomta.

Etter det vi kan sjå er det mogleg å flytte bustaden utan at dette utløyser krav om dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

Tiltaket slik det no føreligg, stettar soleis ikkje krav som nemnt. Administrasjonen ber om tilbagemelding på om det er mogleg å flytte eller endre tiltaket slik at svingradius kan gjerast større.

Vidare skriv dei:

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning anbefaler at følgjande krav vert sett til ny avkjørsle:

- Avkjørsler frå privat veg skal være opparbeida slik at dei stettar tekniske krav til avkjørsle som for offentlig veg (jf. pkt. 2.4.2 - kommunedelplan Knarvik - Alversund med Alverstraumen 2019 – 2031).

Vegdirektoratet har i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40–43, samt i Vegnormal N100 sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal snu på eigen grunn.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

- Geometrisk utforming: Avkjørsle skal på dei to første meteren ha eit svakt fall frå tilkomstveg på minimum 5cm før veg stiger/faller. Etter dette kan avkjørselsveg ha eit maks fall/stining 1:8. Svingradius i avkjørsle vert sett til minimum  $r = 4$  meter.
- Siktzone skal være etablert ihht Vegnormal N100. Sikt er satt til minimum 3 x 20 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over tilkomstvegen sitt vegnivå. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre typer sikthindringar.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn frå/ut i tilkomstveg. Snuareal skal ikkje nyttast til parkering da ein kunne snu på eigedom når parkeringsplassene er i bruk.
- Under avkjørsle skal det leggst ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyr skal leggst slik at ovevatn får fritt løp inn og ut av røret. Overvatn skal gå i grøft og ikkje ledast ut på tilkomstvegen.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som nemnt i merknad. Vi oppmodar søker til å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurt dokumentasjon, slik at me unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Kommunen ber om at tilleggsdokumentasjon vert sendt inn samla innan den 31.08.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt inn innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Vidare vert det også gjort merksam på at sakshandsamingsfristen blir utsett i påvente av etterspurt dokumentasjon.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan -og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Uttale søknad om rammeløyve - gbrn 188/57 Gjervik ytre

#### **Kopi til:**

Odd Eirik Haaland	Breviken 6	5042	BERGEN
-------------------	------------	------	--------

#### **Mottakarar:**

En Til En Arkitekter As	Vaskerelven 8	5014	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------